

Her får du kjøpe Ytre Sogn

EXTRA Høyanger

Coop Marked
Balestrand

Coop Marked
Vadheim

Coop Marked
Brekke

Matkroken
(Dalsøyra Handel)

Hatleberg Bil
og Maskin

Joker Kyrkjebø

Joker Vadheim
(Nils Vattekar)

Joker Bjordal

Førde kioskdirft
(Sentralsjukehuset)

KIWI Høyanger

Spar Solund Senter

Spar Hyllestad

Bunnpris
(Lavik senter)

Matkroken Sørbøvåg
(Sørbøvåg Butikkdrift AS)

Bunnpris Leirivik
(Stjernemat)

Joker
Dalsøyra

Narvesen Flesland



Ytre Sogn
– di lokalavis

Imponerte leiargruppa i Hydro med gode løysingar

– Eg er veldig imponert over kva dei har fått til på så kort tid, og at dei kjem med mange gode forslag til løysingar som vi faktisk ikkje har tenkt på, seier fagleiar miljø for Hydro Høyanger Sesilie Sleire til Ytre Sogn.

Anne Lene Hansen
anne-lene@ytre sogn.no

Tidlegare denne månaden fekk elevane i Lektor2-samarbeidet ved Høyanger vidaregåande skule presentert Hydro Høyanger sine problemstillingar knytt til avfallshandtering som bedrifta ønskte hjelp til å finne løysingar på. Etter ei hektisk veke var dei sist veke tilbake for å presentere sine forslag til løysingar for leiargruppa der.


Litt overveldande

Til Ytre Sogn fortel Laura Berkova, Andrea Øren, Runar Berge Kårstad og Linnea Vie Løkeland at det har vore veldig lærerikt og spennande prosjekt.

– Vi er utruleg glade for at vi har kome fram til forslag som Hydro tykkjer er bra, og er imponert over.

Dei fortel at i starten var det litt overveldande, men etter å ha fordelt oppgåvene gjekk det etter kvart greitt.

– To av oss var i gruppa som jobba med oppgåvene som gjekk ut på å oppdatere verdistranmanalyse og strukturering av data. Dette var tekniske og konkrete oppgåver som var ganske greie å jobbe med, der vi blant anna laga ein mal som Hydro kan bruke, eller endre på, om dei ønskjer det. Dette var noko dei var veldig nøgde med, og



Runar Berge Kårstad og Andrea Øren er i gang med presentasjonen sin. (Foto: Terje Norevik)

noko dei fortel at dei skal ta i bruk. Oppgåva som gjeld fukting av katodeavfall var litt meir krevjande, men dei forventar heller ikkje at vi hadde noko fullstendig løysing på dette. Utfordringa var at vi var innoein del som vi ikkje har vore så mykje borti i faga, som til dømes korleis ein reknar ut kor raskt temperaturen stig. Men vi klarte likevel å kome fram til eit forslag som vi er nøgde med, seier dei.

Årleg samarbeid

Fagleiar miljø for Hydro Høyanger Sesilie Sleire seier til Ytre Sogn at ho er veldig imponert over kva elevane har fått til på så kort tid, ved blant anna å lage ein mal som kan spare dei for mykje arbeid, og som dei kan bruke vidare.

– Når det gjeld fukting av katodeavfall har dei kome med mange gode løysingar som vi faktisk ikkje har tenkt på, men om det kan utførast i praksis er noko vi må sjå vidare på, seier Sleire.

Ho fortel at eit av forslaga var å fryse ned katodeavfallet, som kanskje vil bli utfordrande med tanke på frakt. Eit anna forslag dei hadde sett på var å bruke saltvatn i staden for ferskvatn.

– Så her var det mange gode forslag som vi er godt nøgde med, og kjem til å sjå meir på, seier ho.

– Difor vil vi også prøve å få til ein avtale med skulen slik at dette kan bli eit årleg samarbeid, gjerne med eit lengre perspektiv, seier Sleire og viser til at det er viktig å knytte elevane opp mot dei lokale bedriftene.

Kva er Lektor2?

Ordninga er ei nasjonal realfagsatsing som blir finansiert av Kunnskapsdepartementet, og leia og drifta av Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo. Gjennom tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv skal ordninga bidra til å:

- stimulere elevane si interesse og motivasjon for realfag
- auke elevane sitt læringsutbytte
- auke rekruttering til realfag
- auke lærarane sin kunnskap om – og kompetanse i samarbeid med arbeidslivet

Sidan starten i 2009 har rundt 530 skular og 800 ulike samarbeidspartnarar frå arbeidslivet delteke i ordninga. I skuleåret 2019-2020 er 202 skular med.



– Vi er utruleg glade for at vi har kome med forslag som Hydro tykkjer er bra, seier (f.v.) Laura Berkova, Andrea Øren, Runar Berge Kårstad og Linnea Vie Løkeland



Elevar og leiarar følgjer med på dei ulike presentasjonane. (Foto: Terje Norevik)